



Protokoll frå styremøte Suldal IL

Møtenummer: 02/2020

Dato: 09.12.2020

Tidspunkt: 20:00-23:15

Stad: Foajeen

Til stades: Elisabeth Steine, Helen Moen Gjuvsland, Jon Bråtveit, Hege Hiim Steine, Sveinung Steine, Venke Olene Vaarvik, Per Even Tjøstheim, Øyvind Gjuvsland, Vidar Jørgensen (frå klokka 21:00), Kristine Bøe Berge

Forfall:

Andre til stades: Per Åge Laugaland (i samband med fotografering av utdeling av Kulturprisen til Suldal Idrettslag)

- Sak 10/20 Godkjenning av innkalling og saksliste
- Innkalling og saksliste godkjent utan merknadar.
- Sak 11/20 Godkjenning av protokoll får sist styremøte
- Protokoll godkjent utan merknadar.
- Sak 12/20 Orientering frå leiar v/Helen Moen Gjuvsland
- Folkehelse midlar/ Allidrettens sfo – bruk av midlar vinteren 2020/2021:
Vinjar skule og Suldal IL har fått tildelt 13 000,- i folkehelsemidlar frå Suldal Kommune til å driva vidare prosjektet med Allidretts-SFO; 10 000,- til drift og 3000,- til utstyr.
Styret i idrettslaget vedtek at ein held fram Allidretts-SFO for 1. og 2.trinn + 3. og 4.trinn. Det vert då to grupper per veke i 10 veker. Leiar og skrivar tek ansvar for å snakka med Jens om vidare drift. Jens vil få godtgjersle for noko av gjennomføringa, men planlegging, fakturering, søknad om midlar osb. vert dugnadsinnsats frå idrettslaget. Prosjektet kan halda fram så lenge me får tilført friske folkehelsemidlar frå Suldal Kommune.
 - Søknad LAM (idrettsrådet) – hausten
Søker ikkje tippemidlar i år, men let prioriteringslista stå som den gjere.
Prestavikjo området ligg her som prioritet for idrettslaget.
 - Ballbinge Vinjar skule – ny avtale 2021
Avtalen skal reforhandlast i 2023. Vidar Jørgensen, som barneidrettsansvarleg, tek dette med Folkehelsekoordinator i Suldal Kommune.
 - Avtale Gullinghuset, tilleggsavtale
Reforhandlas våren 2021.
 - Flagging – liste og forlenging avtale (31.12.2020)
Leiar har ordna ny liste for 2021. Sender denne ut til dei aktuelle flaggarane.
Avtalen vert i samråd med Vinjar skule fornya med oppseiingstid frå begge partar på 3 mnd. Avtalen med Statkraft går ut i 2022 må reforhandlas.
 - Klubbhus/Suldal samf.hus – status (Sak 09/20)
Status i hovudstyre er at det per no ikkje er vilje til å kjøpa/overdra samfunnshuset til Suldal Idrettslag etter tilbod frå Suldal Samfunnshus. Styret er positivt innstilt til klubbhusprosjekt, men det vert lagt til grunn at ein må ha på plass ein prosjektleiar for å ta opp att saka om eige klubbhus for idrettslaget.
 - Forsikringsavtalar – samla forsikringane og oppdatera mht medlemstalet:
Leiar sjekkar prisar på forsikringsavtalar.



Sak 13/20

Orientering frå kasserar v/Elisabeth Steine

- Status rekneskap
Idrettslaget har grunna Covid-19 hatt mindre utgifter i laget dette året og rekneskapan er generelt prega av tida me er inne i. Årsrekneskapan går mot pluss.
- Budsjett for 2021
Gruppeleiarane leverer budsjett til kasserar i løpet av januar. Kasserar har utarbeidd eit forslag dei kan ta utgangspunkt i.
- Medlemskontingent
Halvparten av medlemma har ikkje betalt medlemskontingent. Nytt med betaling gjennom MinIdrett. Fleire har teke kontakt med Elisabeth som har rettleia medlemma gjennom ny betalingsordning. Viktig at medlemma betalar kontingenten og med tanke på ulykkesforsikring til den enkelte deltakar. Me oppdaterer gruppene på Facebook og sender ut kontaktinformasjon til kasserar om nokon treng rettleiing. Kasserar ordnar dette.
- Idrettslaget søker om kompensasjon for tapte inntekter når det gjeld kiosksal og auka utgifter i samband med Covid-19 (ved reise må ein leige fleire hytter grunna kohortinndelingar). Nestleiar tek dette vidare.

Sak 14/20

Orientering frå fotballgruppa v/Jon Bråtveit

- Fotballgruppa har evaluert sesongen 2020 og er i gong med planlegging av sesong 2021.
- For seniorfotballen er alt usikkert. Aktiviteten vart i praksis avslutta i mars 2020 for dame- og herrelaget. Me hadde nokre veker koronatrening i mai/juni. Me veit ikkje når me får lov til å trenar normalt, og det er tvilsomt at det blir aktivitet før normal trening er lov.
- Suldalsserien gjekk for fullt i haust, Erfjord IL organiserte gode løysingar for miniknott, knott, lilleputt og ungdomsskule. Lilleputt hadde fire lag og spelte rein finale om dei to første plassene. God trening over mange år har gitt gode resultat både i sportslege prestasjonar og ikkje minst i deltaking. Totalt ti lag har vore med. Det blei ingen Suldalscup i år. 6-åringane har hatt eigne treningar i haust.
- Suldalsgutane- og jentene har fått spelt halve sesongar, med godt oppmøte og fleire gode prestasjonar. J15 kom på 2. plass, mens gutane kom midt på tabellen.
- For 2021 ser me for oss tre miniknott, tre knott, tre lilleputt og eitt ungdomsskulelag i Suldalsserien. Me er i gong med å finna trenarar. Meinar det er Jelsa IL som skal arrangera.
- Forhandlingar om trenar for herrelaget er i gong, reknar med me får ei god løysing her. Har ikkje fått signal om mange fråfall, skal ha ein runde med spelarane før jul. Det vart nokre klubbskifte på tre ungdommar som ikkje hadde speletilbod hos Suldal IL i haust. Me håpar å få dei tilbake.
- Kvinnelaget er me svært spente på, me har ikkje klar nokon trenar, og me har heller ikkje full oversikt på aktuelle spelarar. Dette blir også ein jobb fram mot jul. Me håpar verkeleg me framleis har eit lag.
- Suldalsgutane- og jentene held fram med J15 og G16. I tillegg satsar me på å få i gong nye lag i J13 og G13. Det har meldt seg mange interesserte spelarar. Informasjon til føresette går ut i desse dagar, slik at me kan få forpliktande påmelding og sonderet terrenget for aktuelle lagleiarar.



- Me kjem til å kjøpa nye drakter til Suldalsgutane- og jentene. Hovudsponsor Grieg Seafood ønskjer anna profilering, og Suldal Elverk er erstatta med Haugaland Kraft. Me har også fått med oss Visit Suldal og Suldal Vekst, slik at me skal spela med logoen deira. Nye sponsoravtalar med dei ti sponsorane til Suldalsgutane- og jentene er godt i gong.
- Skiltavtalane i Prestavikjo er så og seia i boks. Nye avtalar er teikna, og me vurderer også om me kan få tak i nye sponsorar.
- Sidan Suldal IL fekk nye drakter av Sparebanken Vest, blei det mange drakter å halda styr på. Me har organisert draktene på ein ny måte, i kassar etter storleik. Så får kvar spelar velja seg ein storleik før me før sesongen lagar til draktsett til laga.
- Tysdag 8. desember var ei gruppe i Prestavikjo og vurderte løysingar for ny trapp/sti mellom stadion og Samfunnshuset. Me har fått støtte til dette arbeidet og håpar å komma i gong rett over nyttår, ferdigstillast før sesongstart.
- Me søkte støtte til jubileumsbok og trapp. Tilsaman søkte me om kr 75.000,-. Me fekk kr 50.000,-. Av søknadssummen var kr 30.000,- sett av til trappa. Dette får følger for bok/trapp. Må ein søka andre midler eller gjera boka meir til sjølvkost?
- Eit ønskje i Prestavikjo er å setta av eit område til fast oppmonterte 3'ar-banar for barn i 5-7-årsalder. Retningslinjene frå NFF for denne aldersgruppa er spel 3 mot 3 på små flatar og små mål.
- Ballbingen er svært mykje i bruk. Me må passa på at me får gunstige ordningar i samarbeidet mellom idrettslag/skule/kommune.
- Det er 30 år sidan Suldal IL sitt a-lag starta opp at etter eit par års pause neste år. Det er ønskje om å få til ein jubileumskamp med Jelsa, Sand, Nesflaten og Suldal.
- Det er tid for å ta inn nye bestillingar å treningstøy. Håp om å få det også ut før jul.

Sak 15/20

Orientering frå skigruppa v/Per Even Tjøstheim

- Treningane har gått sin gang sidan slutten av august. Har vore stabilt godt oppmøte i alle aldersgruppene; 1.-3. klasse, 3 og 4 klasse og frå 5.klasse og opp. Dei yngste har etter kvart flytta seg inn i gymsalen, dei andre har vore ute på barmark, både rulleski og ordinær barmarkstrening. Dei to eldste gruppene startar i Breiastøldalen når det kjem snø, dei yngste startar på ski når det er snø i lysløypa.
- Sone Ryfylke arrangerte ein 2 dagarssamling ved Mosvatnet i slutten av september. Sonesamling i Vågslid i november vart avlyst grunna Covid-19.
- Det har vore eitt rulleskirenn i haust med deltakarar frå idrettslaget. I midten av oktober. Dette vart og som ei klubbssamling med treningar og overnatting utanom sjølve rennet.
- Skisesongen startar opp helga 11.desember på Hovden. Det blir eit dagsrenn med begrensningar grunna smittevern. Skigruppa ynskjer så langt som mogleg å gjennomføra rennet og turen for å oppretthalde aktivitet og samhald.
- Det er sett opp ei terminliste for skikarusell (fyrste runde 8.februar), Suldalsrennet (6.februar), Mosvatnet rundt (21.februar) og KM del 2 saman med Hjelmeland (20.mars). Skigruppa ser på moglege organiseringsløyningar for å få gjennomført arrangementa etter gjeldande smittevernreglar.



- Sesongen elles vert heilt annleis når det gjeld dei større nasjonale renna som er avlyst, t.d. Ungdomens Holmenkollrenn.
- Skigruppa har fem sponsorar til dressen for skigruppa, som løyver ein årleg sum. Gruppa har oppretta ei webløysing for bestilling av dressar.

- Sak 16/20 Orientering frå økonomigruppa v/ Venke Olene Vaarvik
- Sak 07/20 Pantebu
- Venke Olene har undersøkt pris for pantebu med plassering ved Gullinghuset. Summane dei har undersøkt ligg opp mot 20 000,-. Gruppa ser vidare på løysing for å få gjort jobben på dugnad, samt undersøker moglegheitene for å få løyve til å bygga.
- Sak 17/20 Orientering frå trimgruppa v/Sveinung Steine
- Sak 08/20 - Turstimøte med Grendautvalet, Suldal kommune, Suldal turlag (kart og avtalar)
- Ein må inngå avtalar med samtlege grunneigarar før merking av stiar. Sveinung har innhenta liste frå Suldal Kommune over kven som eig kva for stiar og ordna i listene.
- Idrettslaget har fått eit tilskot på kr 3000,- til merking av turstiar. Gruppa har rydda og merka sti opp til Vinjanuten. Det er og kjøpt inn nye bøker.
 - Gunn Tove Eikeland har i haust starta opp Yoga som normalt.
- Sak 18/20 Snøproduksjonsanlegg (forsikring, straum, tilkopling underfordeling og trafo) kapasitet)
- Tilleggsavtale Suldal kommune for disponering av toalettbygget
 - Framdrift og økonomi
- Ein har grove ned røyr til hydrantar og straumskåp ut til 450 meter. Er og grove ned høgtrykksrøyr til pumpehuset og vidare ut i Mosvatnet. Kjem montørar som skal kopla røyr saman med pumper og el-skap i løypa til veka att. Statkraft har vore behjelpelig med å tappa ned vass-standen slik at ein har hatt moglegheit til å grava røyr ut i vatnet. Har møtt på utfordringar når det gjeld fjell og ein har måtta sprenga og gjera ein del ekstraarbeid.
- Håpar ein får testkøyra anlegget i løpet av januar.
- Ein har finansiering på plass for 800 meter snøproduksjon (trinn 1). Ligg greitt an i forhold til planlagt budsjett.
- Sak 19/20 Publisering av dokumenter
- Årsmelding og referat frå styremøta vert lagt ut. Skrivar ansvar.
- Sak 20/20 Jubileumsbok
- Fysisk utforming: Soft Cover, kvadratisk 21cm x 21cm.
 - Opplag: 200 stk a 100 sider.
 - Ønskjer styret informasjon om arbeidet frå forfattarane?
 - Øyvind, Kristine og Vidar sjekkar med sponsorane om dei er villig til å bidra. Jon sender lista over moglege sponsorar til Øyvind, Kristine og Vidar.
 - Jon sjekkar prisar for produksjon.
- Sak 21/20 Årsmøte i 2021
- Innkalling og annonsering må ut i løp av februar mnd. Årsmøtet skal haldast innan mars 2021.
 - Styret innstiller på at ein ynskjer å invitara inn personar/lag som utmerkar seg i løp av året til årsmøtet for ei markering.



Sak 22/20

Ymse

- Suldal Idrettslag får Kulturprisen frå Suldal kommune 2020!
Grunna Covid-19 veit ein ikkje kva tid me får overlevert prisen. Takk til Else Moen for god kake til styremøtet for markering.
- Ny runde på treningsklede;
Kolleksjon på vindjakke, regnjakke og boblejakke, i tillegg til den gule treningsdressen vert lagt ut av Jon som i fjor til bestilling.
- Ivrigtrening fotball. Innspel er komme om me skal tilby ekstratrening for spesielt ivrige spelarar frå 3. klasse oppover. Fotballgruppa er for. Ønskjer å lufta eventuelle fallgruver med styret.
Denne saka vert flytta til styremøte i januar.
- Ryfylkemuseet ynskjer å oppbevare protokollar frå idrettslaget etter arbeidet med boka. Styret innstiller positivt til dette.
- Reiseregulativ. Dei som reiser friviljug og deltek i organisert treningsaktivitet i andre klubbar må dekke reiseutgifter sjølv. Kretsagstreningar og samlingar kan ein søkja for å få dekke utgifter på.

Kristine Bøe Berge
Skrivar